

Skjemainformasjon

Skjema	Søknadsskjema for museumsprogrammer 2015
Referanse	1004670
Innsendt	05.05.2015 16:00:50

Opplysninger om søker

Søker

Navn på organisasjonen	Stiftinga Jærmuseet
Institusjonens leder	Målfrid Snørteland
Postadresse	Postboks 250
Postnr / Poststed	4367 NÆRBØ
Tlf. til organisasjon	51799420
E-post til organisasjon	post@jaermuseet.no
Prosjektets kontaktperson	Hans Dybvad Olesen
Tlf. til kontaktperson	95294538
E-post til kontaktperson	hdo@jaermuseet.no
Nettside	http://www.jaermuseet.no
Org. Nr	971098767

Opplysninger om prosjektet

Prosjekt

Søknaden gjelder

Samlingsforvaltning

Tittel på prosjektet

Mobilt samlingsforvaltningsteam for Rogaland

Sammendrag av prosjektet

Rogaland fylkeskommune vil bidra til å auke kompetansen i musea. Eit tre-årig prosjekt er sett i gang for å ta igjen noko av etterslepet i gjenstandsregistrering samstundes som kvaliteten på standardar og prosedyrar vert heva. Eit samlingsforvaltningsteam reiser rundt til musea og samarbeider med dei tilsette om gjenstandsregistrering med gjensidig erfaringsutveksling og kompetanseheving som mål. Ein prøver ut standardar og effektiviserer prosedyrar. Jærmuseet har fått ansvar for gjennomføringa.

Mål med prosjektet

Kvart regionsmuseum i Rogaland og Norsk oljemuseum skal med hjelp frå det mobile samlingsforvaltningsteamet ta igjen så mykje av registreringssetterslepet som muleg. Dette arbeid omfattar:

- registrering, fotografering og katalogisering
- vurdere behov for konservering
- reingjering, eventuell frysing og forsvarleg pakking
- oppgradering av nærmagasin, fjernmagasin og det fylkekommunale fellesmagasinet på Åmøy
- fortløpande oppdatering på Digitalt Museum

Utarbeida felles standardar og rutiner for:

- handtering av samlingane
- gode og tidssparande rutinar for kvar lekk i registreringsprosessen
- vurdere betydningen av samlingane som grunnlag, anten vidare bevaring eller avhending
- prioritering av magasinering etter kulturhistorisk verdi og materialtype

I arbeidet med standardar legg me vekt på :

- arbeidet som Kulturrådet har sett i gang for ein felles standard for samlingsforvaltning, bygd på den engelske standarden Spectrum.
- verdivurderingstandard Significance der Haugalandsmuseene er involvert i eit nasjonalt utgreiingsarbeid. Museet sine erfaringar vil bli trekt inn i arbeidet vårt.
- samarbeida med KulturIT for å testa ut korleis ovannevnte standardar passer inn i Primus som IT-verktøy.

Beskrivelse av prosjektets overføringsverdi

I Rogaland har modellen med eit omreisande samlingsteam som arbeider saman med dei tilsette på musea synt mange fordelar som kan ha overføringsverdi til fylke der ein har fleire sjølvstendige museum eller konsoliderte museum med samlingar spreidd på fleire avdelingar:

- Ein utviklar og implementerer standardar for samlingsforvaltning i tett samarbeid med dei einskilte museum/museumsavdelingar.
- Ein deler og hevar kompetanse ikkje minst når det gjeld Primus som databaseverktøy.
- Ein utviklar effektive arbeidsmetodar og rutinar både manuelt og ved innlegging av data i Primus.
- Ein får effektiv produksjon av basisdata og vask av allereie eksisterande data.
- Ein får auka og lik datakvalitet samstundes som lokal fagkunnskap blir teken vare på i vurdering og registrering.
- Ein arbeider i dei magasin som musea alt har og får ein standardheving med omsyn til handsaming, merking, reingjering, innpakking og lagring av gjenstandane.

Alt dette gjev stabile fellesressursar der ein oppnår like og kvalitetssikra basisdata, lik vurdering av alle samlingane, større gjenfinning i samlingane, betre utnytting av eksisterande magasin og prioritering av konserveringstiltak.

Prosjektbeskrivelse

SØKNADSBELØP

Det blir søkt om kr 450.000 for 2015 og kr 1.200.000 for 2016, ialt kr 1.650.000 til styrking av bemanninga i Mobilt samlingsforvaltningsteam med to prosjektmedarbeidarar ut prosjektperioden.

BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

Utfordringane og etterslepa innan samlingsforvaltning i norske museum er dokumenterte og anerkjente på nasjonalt nivå, mellom anna gjennom tilstandsvurderinga i 2007 i regi av ABM-utvikling.

I Stortingsmelding nummer 49 (2008-2009) "Framtidas museum - forvaltning, forskning, formidling og fornying", vert betydninga av prioritering og koordinering av samlingane understreka:

"Museenes samlinger skal sikres og bevares best mulig for ettertiden og gjøres tilgjengelig for publikum og for forskning. Viktige delmål vil være gode sikrings- og bevaringsforhold samt prioritering og koordinering av samlingene."

Rogaland fylkeskommune har i fleire år ønska å oppretta fellestenestar innan samlingsforvaltning, konservering og bygningsvern for dei fem regionsmusea i fylket og Norsk Oljemuseum. I 2012 blei det laga ei utgreiing som skisserer ein veg fram til desse permanente fellestenestane:

"Utredning av fellestjenester innenfor samlingsforvaltning for regionmuseene og Norsk Oljemuseum i Rogaland" forfatta av Barbara de Haan. Utgreiinga blei sendt Kulturrådet saman med søknaden for 2014.

Musea deltok i ei arbeidsgruppe undervegs i utgreiingsarbeidet. Den endelege rapporten blei drøfta på museumsmøte i oktober 2013, spesielt med tanke på organiseringa. Det er særleg tilrådinga i høve til organisasjonsmodell og lokalisering som har vore tema for diskusjon. I 2013 blei musea inviterte til å tilby plass til eit mobilt samlingsforvaltningsteam. Det resulterte i at Jærmuseet fekk ansvar for gjennomføring av prosjektet.

Fylkeskommunen har lagt prosjektet inn i sine planar og bevilga midlar frå 2013 - 2016.

I 2013 var det sett i gang eit tilsavarande prosjekt for fotobevaring. Her er det tilsett ein fotoarkivar i prosjektstilling med kontorbase på Haugalandmuseene sitt hovedkontor i Haugesund.

I april i år fatta Rogaland fylkeskommune vedtak om å styrka fellestjenestene ytterligare med kr 600.000 for i år, og tilsvarande neste år. Halvparten av løyvinga skal nyttas til oppstart av eit prosjekt for bygningsvern, med ein bygningsantikvar knytta til Ryfylkemuseet på Sand. Den andre halvparten av løyvinga skal styrka Samlingsteamet.

Rogaland Fylkeskommune er med dette snart i mål med å få på plass alle dei planlagte fellestjenesteprojekt: fotobevaring, samlingsforvaltning og bygningsvern

PROSJEKTFASEN 2014 - 2016

OPPSTART OG ORGANISERING

Dei tre fyrste prosjektmedarbeidarane, mellom dei ein teamleiar, blei tilsett 1. februar 2014 med kontorbase på Jærmuseet si avdeling i Sandnes. Frå 1. august 2014 blei prosjektet styrka med ytterligare ein prosjektmedarbeidar. (Sjå Finansiering.)

I oppstartfasen organiserte Jærmuseet kurs i Primus og fotografering for teamet og tilsette. Teamet blei utstyrt med PCar og fotoutstyr som dei bruker i arbeidet på alle musea. Det enkelte museum dekker utgifter til pakkemateriale og anna naudsynt utstyr. Det er kjøpt inn ein personbil slik at teamet lettare kan ta seg fram i fylket. Det meste av tida blir brukt rundt på musea. I kortare bolkar arbeider teamet på kontoret med til dømes dataregistrering som ein ikkje treng å utføra på musea. Erfaringar, problemstillingar og andre synspunkt blir fortløpande summert opp av teamleiar.

Det er oppretta ei styringsgruppe med representantar frå fylkeskommunen og alle musea. Styringsgruppa har ansvar for koordinering av arbeidet til fotoarkivaren og samlingsteamet (og etter kvart også bygningsantikvaren), og skal treffa avgjerd i saker som har overordna betydning for prosjekta.

FINANSIERING AV TEAMET 2014-2016

Ved oppstart 1. februar 2014 var tre prosjektstillingar fullfinansiert for heile prosjektperioden av fylkeskommunale løyvingar. Løyvinga frå Kulturrådet for 2014, kr 300.000 og ubrukte fylkeskommunale midler frå 2013, kr 1.646.000 gjorde det muleg å tilsetta ein ny prosjektmedarbeidar frå 1. august 2014 og ut prosjektperioden. (Sjå vedlegg: Driftsbudsjett 2013-2016 - Samlingsteam Rogaland.)

Tilleggsløyving frå Rogaland Fylkeskommune, kr 300.000 for kvart av åra 2015 og 2016 gjer det muleg å tilsetta ein prosjektmedarbeidar frå ca 1. august 2015 og nokre månader inn i 2016.

I prosjektperioden dekker Jærmuseet kostnader i samband med kontor, kontorinfrastruktur, og praktisk og teoretisk oppfølging av teamet med museet sitt fagpersonale.

FRAMDRIFT

Teamleiareren har summert opp arbeidet som er utført til nå, sjå vedlegg.

Sjå også artikkel om SamRog i Museumsnytt 2/2015 og Bevar meg vel, meldingsbladet til samlingsteamet.

Det syner seg at lange bolkar med teamarbeid på kvart museum som regel er vanskeleg å gjennomføra. Dei fleste museumstilsette som er involvert i samlingsarbeid har og andre arbeidsoppgåver som må skjøttas og kan ikkje setta av fleire månader i strekk

berre til samlingsarbeid. Musea må ha tid til førebuingar, bandleggja tida medan teamet er til stades og ha tid til etterarbeid.

Erfaringa syner at ein prosjektbolck på 3-6 veker på eit museum ofte er optimalt. På nokre museum er det muleg å arbeida i lengre bolckar. I alle høve er det viktig at dei museumstilsette og teamet får arbeida saman slik at ein får maksimal utveksling av erfaringar og får innarbeida gode rutinar.

DRIFTSPLAN og TIMEREKNESKAP

Teamleiar er i fortløpande i kontakt med alle musea. På grunnlag av arbeidsoppgåvene som musea vil ha gjennomført, lagar han ein arbeidsplan for nokre månadar framover slik at musea får tid til å førebu seg. Teamleiar førar eit timerekneskap som sikrar at alle musea får likt timetal.

Alle teammedlemmer fører sine egne arbeidstimar i Jærmuseet sitt timeregistreringssystem. Det gjer det muleg å ta ut statistikk som fortel kor mange timar som er brukt til ulike typer arbeidsoppgåver, anten samla, for kvar medarbeidar eller for kvart museum.

Til nokre av musea er det lang reiseveg. For å bruke minst muleg tid på reising arbeider teamet lange dagar, bur nokre gonger på hotell og er svært fleksible når det gjeld arbeidstida.

Det neste halvanna året vil ein fortsetta med prosjektbolckar av ulik lengd. Halvårleg vil arbeidet verta oppsummert i styringsgruppemøta. Det blir utarbeidd delrapportar for kvart år. Prosjektet skal avsluttast med ein hovudrapport.

Teamet sin arbeidsplan er tilgjengeleg her: <http://jærmuseet.no/samlingar-a-arkiv/samlingsteam-rogaland>

STYRKING AV TEAMET 2015-2016

Me søker om kr 1.650.000 for å styrka teamet med to medarbeidarar frå 1. juli 2015 og resten av prosjektperioden.

Erfaringar frå dei første 15 månadene med SamRog har synt at samarbeid mellom teamet og personalet i musea har gjort det muleg å gjennomføre store, effektive revisjonar av samlingane. Me ser og at mengden av uregistrerte gjenstandar er så stor at det trengst mykje meir fagleg arbeidskraft.

Organisasjonsmessig og administrativt er det rom for to nye medarbeidarar i teamet. I dei høve kor ein har store delprosjekt vil arbeidet gå raskare, organiseringa blir meir effektiv og ein får handsama dei største samlingane på kortare tid. Det vil vere ein stor fordel, spesielt for personalet i musea, som får betre tid til å løyse andre oppgåver. Ved mindre prosjekt kan ein dela teamet i to eller tre og ta unna to-tre oppgåver på ein gong. Anten på eitt, eller på fleire museum. Det gjev større fleksibilitet og musea kan lettare definera prosjekt av ulik storleik.

Når denne massive registreringa og katalogiseringa skjer på alle regionmusea i fylket legg me grunnlaget for ei samordning av samlingane mykje fortare. Målet er å få oversikt over alle samlingane slik at me kan prioritera og dela ansvaret for vidare, målretta utvikling av dei einskilde musea sine samlingar.

Samordninga skjer gjennom det andre samlingsprosjektet som er i gang i Rogaland: «Felles dokumentasjons- og innsamlingsplan for musene i Rogaland».

Prosjektbudsjett

Prosjekt	
Startdato / Sluttdato	01.07.2015 - 31.12.2016
Søknadssum kulturrådet for hele prosjektperioden	1650000
Budsjettramme for prosjektperioden	9239000

Budsjett for første år

UTGIFTER

Hva	Beskrivelse	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	Lønn	kr 3 427 000,00
Varer/utstyr	Ikt, reiser, kurs, bil	kr 360 000,00
Tjenester kjøpt av andre	Egeninnsats musea	kr 400 000,00
Andre utgifter (spesifiser)		kr 0,00
Totale utgifter		kr 4 187 000,00

INNTEKTER

Beskrivelse	Tilskudd bekreftet	Sum
<u>Søknadssum Norsk kulturråd</u>		<u>kr 450 000,00</u>
Rogaland Fylkeskommune 2015	Ja	kr 2 491 000,00
Del av overskudd 2013 og 14	Ja	kr 846 000,00
Egeninnsats 6 museum	Nei	kr 400 000,00
Totale inntekter		kr 4 187 000,00

Kommentar til budsjett neste år

Tilleggsøyvinga frå april i år, kr 300.000 er innarbeida i vedlaget budsjett: «Budsjett 2014 - 2016 inkludert Kulturrådet» Egeninnsatsen til musea er sett lågt. Det er bare det meirarbeid som musea utfører i samband med Samlingsteamet som er medrekna. Samlingsarbeid som musea utfører på andre prosjekt og i dagleg drift er ikkje tatt med. Egeninnsatsen til musea er satt lågt. Det er bare det meirarbeid som musea utfører i samband med Samlingsteamet som er medrekna. Samlingsarbeid som musea utfører på andre prosjekt og i dagleg drift er ikkje tatt med.

Budsjett for andre år

UTGIFTER

Hva	Beskrivelse	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	Lønn	kr 4 278 000,00
Varer/utstyr	IKT, reiser, kurs, bil	kr 374 000,00
Tjenester kjøpt av andre	Egeninnsats 6 museum	kr 400 000,00
Andre utgifter (spesifiser)		kr 0,00
Totale utgifter		kr 5 052 000,00

INNTEKTER

Beskrivelse	Tilskudd bekreftet	Sum
<u>Søknadssum Norsk kulturråd</u>		<u>kr 1 200 000,00</u>
Rogaland fylkeskommune	Ja	kr 2 491 000,00
Del av overskudd 2013 og 14	Ja	kr 961 000,00
Egeninnsats 6 museer	Ja	kr 400 000,00
Totale inntekter		kr 5 052 000,00

Kommentar til budsjett neste år

Egenandelen er lågt sett.

Framdriftsplan

Framdriftsplan for hele prosjektperioden

Startdato / Sluttdato

01.07.2015 - 31.12.2016

Fyll ut aktivitetsplan for prosjektet under

Tittel

Fra dato / Til dato

Oppstart, synfaring på musea

01.02.2014 - 28.02.2014

Arbeid på musea og styringsgruppemøte

01.03.2014 - 30.06.2014

Arbeid på musea, delrapportering og styringsgruppe

04.08.2014 - 19.12.2014

Arbeid på musea og styringsgruppemøte

05.01.2015 - 30.06.2015

Arbeid på musea, delrapportering og styringsgruppe

03.08.2015 - 18.12.2015

Arbeid på musea og styringsgruppemøte

04.01.2016 - 30.06.2016

Arbeid på musea, sluttrapportering og styringsgrup

08.08.2016 - 17.12.2016

Andre opplysninger

Samarbeidspartnere

Samarbeidspartnere

Har du en samarbeidspartner

Samarbeidspartner 1

Navn på samarbeidende organisasjon/institusjon	Museum Stavanger
Er det inngått formell samarbeidsavtale	Nei
Postadresse	Musegaten 16
Postnr / Poststed	4010 Stavanger
Kontaktperson	Siri Aavitsland
Tlf. til kontaktperson	91329729
E-post til kontaktperson	siri.avitsland@museumstavanger.no
Rolle i prosjektet	Norsk Oljemuseum og regionsmusea i Rogaland er målgruppa for prosjektet og alle skal yta eigeninnsats tilsvarande det dei får frå Mobilt samlingsteam. Ut over dette skal ein delta i styringsgruppemøter og andre planleggings- og førebuingmøter. Ein har ikkje funnet det naudsynt å utarbeida ein spesifikk samarbeidsavtale for prosjektet, mellom musea.

Samarbeidspartner 2

Navn på samarbeidende organisasjon/institusjon	Norsk Oljemuseum
Er det inngått formell samarbeidsavtale	Nei
Postadresse	Postboks 748, Sentrum
Postnr / Poststed	4004 Stavanger
Kontaktperson	Finn E. Krogh
Tlf. til kontaktperson	51939302
E-post til kontaktperson	Finn@norskolje.museum.no
Rolle i prosjektet	Sjø Museum Stavanger

Samarbeidspartner 3

Navn på samarbeidende organisasjon/institusjon	Haugalandsmuseene AS
Er det inngått formell samarbeidsavtale	Nei
Postadresse	Postboks 246
Postnr / Poststed	5501 Haugesund
Kontaktperson	Mads Ramstad
Tlf. til kontaktperson	91175401
E-post til kontaktperson	mads.ramstad@haugalandsmuseene.no
Rolle i prosjektet	Sjø Museum Stavanger

Samarbeidspartner 4

Navn på samarbeidende organisasjon/institusjon	Dalane Folkemuseum
Er det inngått formell samarbeidsavtale	Nei
Postadresse	Postboks 338
Postnr / Poststed	4379 Egersund
Kontaktperson	Leif Dybing
Tlf. til kontaktperson	51461410
E-post til kontaktperson	leif.dybing@dalanefolke.museum.no
Rolle i prosjektet	Sjå Museum Stavanger

Samarbeidspartner 5

Navn på samarbeidende organisasjon/institusjon	Ryfylkemuseet
Er det inngått formell samarbeidsavtale	Nei
Postadresse	Nordenden 14
Postnr / Poststed	4230 Sand
Kontaktperson	Roy Høibo
Tlf. til kontaktperson	52792952
E-post til kontaktperson	roy.hoibo@ryfylkemuseet.no
Rolle i prosjektet	Sjå Museum Stavanger

Samarbeidspartner 6

Navn på samarbeidende organisasjon/institusjon	Rogaland fylkeskommune
Er det inngått formell samarbeidsavtale	Ja
Postadresse	Postboks 130
Postnr / Poststed	4001 Stavanger
Kontaktperson	Kate J. Syvertsen
Tlf. til kontaktperson	51516875
E-post til kontaktperson	kate.syvertsen@rogfk.no
Rolle i prosjektet	Rogaland fylkeskommune har gjennom sin Regionalplan for museum lagt til rette for prosjektet og bevilga 1,7 mill for 2013 og 2,191mill for 2014 og 2016. Arbeidsgjervar- og gjennomføringsansvar for prosjektet er lagt til Jærmuseet.

Vedlegg

Vedlegg

- SamRog_i_Museumsnytt.pdf
- Bevar_meg_vel.pdf
- Feltarbeid_2014_og_2015.docx
- Driftsbudsjett_2013_2016__inkluderer_kun_dei_som_er_tilsett_i_dag_.xlsx
- Driftsbudsjett_2013_2016_inkludert_Kulturraadet.docx